

**Utval:** **Ungdommens fylkesutval**  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg, Fylkeshuset  
**Dato:** 12.12.2014  
**Tidspunkt:** 16:10-18:25

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Thomas Frotjold Valdersnes		

---

**Merknader**

**Ungdommens fylkesutval hadde skypemøte med ordstyrarane til Ungdommens fylkesting 2015; Asgeir Stavik Hustad og Narve Nilssen. Asgeir Stavik Hustad møtte på skype og Narve Nilssen møtte fysisk. Erlend Risvand Mo frå desisjonskomiteen var og til stades under møtet.**

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off. saknr</b>
PS 96/14	Godkjenning av innkalling		
PS 97/14	Godkjenning av sakliste		
PS 98/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 99/14	Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015	2014/560	
PS 100/14	Innspel til utkast til nye vedtekter for Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 101/14	Forslag til budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 102/14	Klinikkstrukturplanen - høyningsuttale	2014/560	
PS 103/14	UR+UFU=SANT	2014/560	
PS 104/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 63/14	Oversikt økonomi per 261114	2014/560	
RS 64/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr november	2014/1527	
RS 65/14	Strategi for innfartsparkering - høyringssak	2014/15627	
RS 66/14	Uttale til budsjett 2015, økonomiplan 2015-2018 - frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 105/14	Ymse		

## **PS 96/14 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteinnkallinga.

## **PS 97/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente sakslista.

## **PS 98/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteprotokollen frå 04.11.2014.

## **PS 99/14 Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å sende ut invitasjonen som var førebuett til møtet. Utkast til køyreregler vert utarbeida på helgemøtet i januar av Cecilie Fredheim. Årsmeldinga frå dei ulike arbeidsområda skal vere klar til helgemøtet i januar.

## **PS 100/14 Innspel til utkast til nye vedtekter for Ungdommens fylkesting**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

UFU vedtok følgjande endringar til endringsforsлага til vedtektena for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval:

- Nokre grammatiske rettingar, samt endre fontar i overskrifter for å gjere dei meir tydelegare.
- §1.2: Her kan det sjå ut til at ein med Hordaland fylkeskommune meiner administrasjonen. Dei to omgrepa byttast derfor ut og «*i Hordaland fylkeskommune*» vert lagt til på slutet av setninga.
- §2.2: Det er lagt til «, og *Ungdommens fylkesutval sine møter*,». Denne paragrafen handlar om Ungdommens fylkesting, det er derfor meir naturleg at det vert oppretta eit nytt punkt under Ungdommens fylkesutval der ein skriv at «*Møter i Ungdommens fylkesutval er opne for alle som er interessert.*»
- 2.4: Setninga «*Utdjupningsdokumentet kan endrast med 2/3 fleirtal på Ungdommens fylkesting.*» til sist i punktet, da dette berre er unntaksvise.

- Samansetting av Ungdommens fylkesting: Det er ikkje skrive nokre stader kven som er delegatar eller kva det betyr. Det vert bestemt å legge til «...som delegatar.» på slutet av første setning i §2.6, samt at første setning i §2.18 vert endra til «*Alle medlemar og varamedlemar av Ungdommens fylkesutval er delegatar til Ungdommens fylkesting på lik linje med valde representantar frå kommunane.*» Det vert og betsemt at §2.18 vert eit nytt punkt 2.9, da dette har med samansettinga av Ungdommens fylkesting å gjere.
- §2.9 og §2.10: «...i samsvar med sakslista...» i §2.9 vert fjerna og «...for å orientere om einskilde sakar...» vert lagt til på slutet av setninga, samt at heile §2.10 vert fjerna.
- Nåverande §2.9, 2.19 og 2.20 får nye nummer.
- Det vert bestemt at alle avsnitta om komiteane vert byrja med noko slikt som: «*Ungdommens fylkesting vel valkomite på minimum tre personar etter innstilling frå Ungdommens fylkesutval.*» Det er dels for å tydeliggjere kven som skal gjere kva, og for å standardisere avsnitta litt.
- §2.21: Andre setning vert endra til: «*Desse kan veljast mellom...*».
- §2.22: Legge til at medlemene vert vald bland delegatane på Ungdommens fylkesting.
- §2.23: Siste setninga her seier berre noko om at kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval sine møter, ikkje Ungdommens fylkesting. Denne setninga flyttast til paragrafen som handlar om Ungdommens fylkesutval og ein tilsvarande opprettast for Ungdommens fylkesting. Begge setningane bør ha som tillegg at tale- og forslagsrett er avgrensa til komiteen sitt arbeidsområde, slik at ikkje personar som ikkje er ein del av Ungdommens fylkesting kan delta i den politiske diskusjonen og kome med forslag innanfor alle områdar.
- §3.3: Det vert anbefala at de vurderer ordet fremje i dette punktet.
- §3.5: «*Ei varamannsliste på fem personar.*» vert endra til «*fem varamedlemar.*», slik at ikkje varamedlema vert avgrensa til menn.
- §3.6: Val av Ungdommens fylkesutval er slik det står nå forvirrande. Administrasjonen ser føre seg to alternativ, men uansett må punktet skrivast om, samt at det må leggjast til at dei berre kan veljast bland delegatane på Ungdommens fylkesting. Det vert vald leiar (1 år), nestleiar (1 år) og 3 medlemar (2 for to år og 1 for eitt år), 2 er med frå året før.
- §3.7: Særskilde val endrast til personval.
- §3.8: «*Alle delar av fylket skal vere representert*» vert fjerna og «*geografisk spreiing*» vert lagt inn føre alder i nåverande tredje setning.
- §3.14: *kan fatte vedtak* vert endra til *vert vedtaksfør*.

## **PS 101/14 Forslag til budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval**

### **Forslag til avgjerd**

Med etterhald i vedtak i fylkestinget i PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018, vedtek Ungdommens fylkesutval å legge budsjett 2015 fram for Ungdommens fylkesting slik det føreligg.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å utsette saka til møtet i januar.

## **PS 102/14 Klinikksstrukturplanen - høyringsuttale**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek uttale til Klinikksstrukturplanen slik den vert lagt fram frå leiar i opplæring og helse.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesting vedtok å utsette saka til neste møte 12.12.14. Det vert fremja eit utkast til uttale i møtet.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å gi Vegard Kleppe, leiar for området opplæring og helse, fullmakt til å skrive ein uttale til klinikksstrukturplanen innan fristen 15. desember.

## **PS 103/14 UR+UFU=SANT**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsetje denne saka til neste møte 12.12.14.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtok å utsette saka til møtet i januar.

## **PS 104/14 Referatsaker (Meldingar)**

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

### **Vedtak**

RS 65/14 Strategi for innfartsparkering – høyring: Ungdommens fylkesutval vedtok å sende ein slik tekst til samferdselsavdelinga:

«Ungdommens fylkesutval set pris på å vere informert om kva som skjer med kollektivtransport og innfartsparkering, men vel å ikkje kome med ein uttale i denne saka, da dette er eit område som ikkje direkte handlar om ungdom.»

Ungdommens fylkesutval tek annan referatsakar til orientering.

**RS 63/14 Oversikt økonomi per 261114**

**RS 64/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr november**

**RS 65/14 Strategi for innfartsparkering - høyringssak**

**RS 66/14 Uttale til budsjett 2015, økonomiplan 2015-2018 - frå Ungdommens fylkesutval**

**PS 105/14 Ymse**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 12.12.2014**

**Vedtak**

Det var ingen sakar til Ymse.